



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
44/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-651, FA-Q62	21/292

AVTALE MED BANE NOR OM NEDLEGGING AV PLANOVERGANG OG BRUK AV DRIFTSVEG PÅ KOMMUNAL GRUNN, DALEGARDEN, GBRN 22/14

Vedlegg:

Dalegarden - Rettighet til landbruksveg på gnr/bnr. 22/14 i Vaksdal kommune

Dalegarden - Rettighet til landbruksveg å gnr/bnr. 22/14 i Vaksdal kommune

erklaring-om-rettighet_nyn 22_14.PDF

Forslag til avtale om nedleggelse av planovergang på gnr-bnr. 22-14 i Vaksdal kommune.PDF

Avtale om nedleggelse av planovergang 4628-22_14.PDF

Kart over planovergang ved Dalegarden - nedlegging - gnr. 22 bnr 14.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Vaksdal kommune godkjenner følgende avtaler med Bane NOR slik dei ligg føre:

- «Erklæring om rett i fast eigedom» - bruksrett til driftsveg mot Tungelandsløa, gbnr. 22/14
Dalegarden (kommunal grunn).
- «Avtale om nedleggelse av planovergang km 426,778 på Bergensbanen, Dale-Stanghelle».

Ordførar signerer avtalane etter vedtak i formannskapet, som grunnlag for tinglysing.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 44/2022

FPØ - Behandling:

Erlend Hesjedal-Johannessen, H stilte spørsmål til saka.

Kommunedirektør Atle Fasteland svarte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Formannskapet i Vaksdal kommune godkjenner følgjande avtalar med Bane NOR slik dei ligg føre:

- «Erklæring om rett i fast eigedom» - bruksrett til driftsveg mot Tungelandsløa, gbnr. 22/14 Dalegarden (kommunal grunn).
- «Avtale om nedleggelse av planovergang km 426,778 på Bergensbanen, Dale-Stanghelle».

Ordførar signerer avtalane etter vedtak i formannskapet, som grunnlag for tinglysing.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bane NOR planlegg å leggje ned planovergangar ved Dalegarden 7 og Dalegarden 23 for å auke tryggleiken langs Bergensbanen.

Grunneigar av gbnr. 22/6 har i dag vegtilkomst til dyrka mark over jernbanen ved Dalegarden 7. Denne må erstattast, og det er ønskje om å nytte kommunen sin driftsveg til Tungelandsløa på Dalegarden (gbnr. 22/14) som erstatning.

Kommunen eig grunn ved Dalegarden 23, og Bane NOR ber om samtykke frå kommunen til nedlegging av planovergangen.

Bane NOR har utarbeidd framlegg til to avtalar med Vaksdal kommune:


- «Erklæring om rett i fast eigedom». Bruksrett til kommunal driftsveg ved Tungelandsløa, Dalegarden (gbnr. 22/14) for grunneigar av gbnr. 22/6.
- «Avtale om nedleggelse av planovergang km 426,778 på Bergensbanen, Dale-Stanghelle» (Dalegaden 23).

I avtalen om bruksrett til driftsveg ved Tungelandsløa, er det teke inn at Bane NOR dekkjer eventuelle kostnadar med ny vegtilkomst, dersom framtidig arealbruk gjer at dagens veg ikkje kan nyttast.

Det vert lagt opp til tinglysing av avtalane. Kommunedirektøren har ikkje merknadar til avtaleframlegga.


Bakgrunn for saka

Bane NOR arbeider kontinuerleg med tryggleik langs jernbanen, mellom anna for å unngå ulykker ved planovergangane. Ved Dalegarden i Vaksdal kommune er der tre plankryssingar, jf. kart.



Oversiktskart - nedlegging av planovergangar (merka med raudt)

Bane NOR ønsker å leggje ned desse kryssingane. Dette gjer mellom anna at selskapet må erstatte dagens vegtilkomst for grunneigar til dyrka mark på gbnr. 22/6. Tilkomsten går i dag over planovergang 426 505 km (Dalegarden 7 - den som ligg lengst aust).



Kartskisse over ønskje om ny vegtilkomst til dyrka mark på gbnr. 22/6. Blå strek er veg til «Tungelandsløa», raud strek er ny tilkomst over gbnr 22/6.

I tillegg må Bane NOR inngå avtale med aktuelle grunneigarar om nedlegging av nemnde overgangar. Vaksdal kommune er grunneigar ved planovergang 426,778 km (Dalegarden 23 - overgangen lengst vest).

I samband med etablering av ny driftsveg til dyrka mark på gbnr 22/6, har Bane NOR kontakta Vaksdal kommune om å få tinglyst rett til å bruke kommunal driftsveg til Tungelandsløa. Formannskapet har bede administrasjonen forhandle fram ein avtale med Bane NOR. Føresetnaden er at avtalen må ta omsyn til pågåande arbeid med reguleringsplan for Dalegarden, og mogeleg endring av arealbruk som følgje av dette. Avtalen skal godkjennast av formannskapet.

Overgangen ved Dalegarden 23 har ikkje vore nytta på mange år (kryssing til fots).

Bane NOR har utarbeidd framlegg til avtalar med kommune om nedlegging av planovergang ved Dalegarden 23 og bruksrett til veg på kommunal grunn til Tungelandsløa på Dalegarden (gbnr. 22/14) Avtalane går fram av vedlegg.

Formelt grunnlag

- FPØ 70/2021
- Kommuneplanen for Vaksdal kommune (2017-2028), med arealdel (2019-2031).

Vurdering og konsekvensar

Vaksdal kommune har ved fleire høve vore i kontakt med Bane NOR om nedlegging av aktuelle planovergangar og mogleg avtaleinnhald.

Mykje av kontakten har vore knytt til å finne ei løysing som omfattar reguleringsplanprosessen på Dalegarden og moglege endring av dagens arealbruk, inkludert vegen fram mot Tungelandsløa. Dette vil eventuelt føre til behov for ny vegframføring til gbnr. 22/6, med kostnader. Bane NOR har sagt seg viljug til å dekkje desse. I dette høvet har administrasjonen i kommunen og Bane NOR vorte samde om følgjande skildring av bruksrett til veg:

4. Skildring av kva retten går ut på ⁸
<i>Rettigheten gjelder adkomst fra kommunal vei (Dale industroråde) over gbnr. 22/14, frem til gbnr. 22/6. Rettigheten gjelder adkomst for landbruksdrift av gbnr. 22/6. Gbnr. 22/6 sørger for vedlikehold av adkomsten som anses nødvendig for bruken. Viss det er fleire brukere av vegen, skal vedlikeholdskostnaden fordeles etter nytten. <u>Dersom adkomsten må endres som følge av arbeidet med reguleringsplanen for Dalegarden og endra arealbruk, skal utgifter med ny adkomst fra etablerte veier i planområdet, dekkes av Bane NOR</u>». Planområdet går frem av vedlagt kart til avtalen.</i>

Framlegget til avtale om nedlegging av planovergangen ved Dalegarden 23 (km 426,778), fører med seg at overgangen vert stengd for ferdsle/trafikk. Kommunen har ikkje gjort nytte av overgangen, og Kommunedirektøren har ikkje merknadar til avtaleframlegget om nedlegging.

Kommunedirektøren si innstilling er at Vaksdal kommune godkjenner og signerer avtalane med Bane NOR som grunnlag for tinglysing, jf. vedlegg.